

Notat om plan- og designkonkurransen

08.10.2024

Formannskapet instruerte administrasjonen til å ta kontakt med arkitekt for ein gjennomgang av honoreringa av deltakarane i konkurransen.

Arkitekten fekk utlysingsteksten til gjennomgang og kom med ein tilbakemelding på heile teksten.

Tilbakemeldinga ifrå arkitekt kan delast opp i dessa punkta:

- Teksten burde endrast til «*Inntil 3 vinnarane*». Dette for å sikra at Juryen berre vel ut gode konsept. Viss det står 3 vinnarar, må juryen då vele ut eit konsept som ikkje tilfredsstiller krava i utlysingsteksten.
- 150 000 pr. deltakar i første fase er rimeleg.
- Er det ønsket frå kommunen at vinnarane i frå fyrste del av konkurransen, skal vidareutvikla konseptane sine enten aleine eller saman med interessegrupper fram til edeleg blir avgjorde i kommunestyret. Burde ein inn med ein tekst om at dette blir honorert.
- Då me har med profesjonelt åndsverk å gjera, tilrår arkitekten på det sterkaste at vinnaren blir tilboden vidare arbeid. Dette kan ein løysa det at ein blir lagt inn teksten: «*Arkitekten med konseptet som blir endeleg vedteken av kommunestyret tiltransporteras til vidare prosjektering*»
- Ved utveljing av juryen er det spesielt 2 moment som ein må ta omsyn til:
 - **Sjølvstende:** Juryen medlemmene sine skal vurdere dei innsende konseptane uavhengig av eigne ønske: «*Juryen skal vurdere løysingsforslaga anonymt basert på kriteria i konkurransegrunnlaget og skal ikkje kjenna til identiteten til tilbydarane ved vurdering av forslaga. Den skal heller ikkje ta omsyn til annan informasjon som den eventuelt har eller får undervegs i prosessen som ligg utanfor kriteria*» (dfø, anskaffelser.no)
 - **Habilitet:** «*Føresegnene regulerer kven som kan vere med å ta avgjerd eller vedtak. Formålet med inhabilitetsreglane er å sikra korrekte avgjerdar, halda oppe tilliten til dei som tek avgjerdene, og verna avgjerdstakarane mot at det sågst tvil om truverdet deira. At du er inhabil inneber at det ligg føre omstende som er eigna til å svekkja tilliten til upartiskheita di. Som folkevalt eller tilsett vil du vere inhabil om du har tilknyting til ei sak eller partane i saka, som er eigna til å skapa tvil om du vil behandla saka på ein objektiv og upartisk måte.*» (KS, Habilitet på dagsorden)
 - **Fagleg kompetanse:** Konseptane skal rangerast ut frå faglege kriterium som er baserte på det som er innsendt i forhold til kriteria i utlysingsteksten. (dfø, anskaffelser.no)

Forslag til justeringar i utlysingsteksten:

Administrasjonen foreslår at ein tek inn alle tilbakemeldingane frå arkitekt i utlysingsteksten/plan- og designkonkurransen.

- Teksten burde endrast til «Inntil 3 vinnarane».
- «Arkitekten med konseptet som blir endeleg vedteken av kommunestyret tiltransporteres til vidare prosjektering»
- Ved vidareutvikling av konsepta før endeleg avgjerd, blir arbeidet honorert.

Vidare ser administrasjonen det som viktig at Kommunedirektøren som prosjekt eigar. Vel ut juryen etter tilrådingar i frå dfø (Direktoratet for forvaltning og økonomistyring)